

Forbygging ved Heio?

06.08.2012



På denne strekninga treng ein forbygging (Foto: Ola Matti Mathisen)

Då NVE tidlegare i sommar vurderte elveskader ved Astrid Døssland sin eigedom, såg dei samstundes på elveforbyggjinga i enden av idrettsplassen. Det er svært turvande å gjera sikringsarbeid der for å hindra vidare undergraving og større utrasing. Fleire av fotsteinane ligg på vippet til å tippa ut i elva og massane bak er rund dyrkingsstein som rasar svært lett.

Ivar Kåre Døssland i kommunen trur ikkje det er aktuelt for NVE å gå innmed midlar til sikring, men dei kan gje råd om løysvingar og skal i alle høve orinterast om tiltak bør det vert sett igang noko.

Kommunen har heller ikkje midlar, men det kan vera mogeleg å få midlar gjennom Naturskadefondet antyder lensmannen.